

Kulturprisvinnar

2007

Brattvåg Janitsjar



Øyvind Skjelten, leiar i Brattvåg Janitsjar mottar frå Lidvar Sunde, president i Brattvåg Rotaryklubb, heidersbeviset og ein sjekk på 10.000 kroner.

Kulturprisen vart delt ut på Ingebrigt Davik-huset den 11.11.2007. Brattvåg Janitsjar arrangerte for 3. år på rad konserten Stjerner i sikte på Brattvåg sin fødselsdag.

Kveldens overrasking var det det president i Brattvåg Rotary klubb, Lidvar Sunde, som stod for. Han kunngjorde at Rotary sin kulturpris for 2007 gjekk fortent til Brattvåg Janitsjar, for den innsatsen dei gjer for kulturlivet i bygda.

Juryen har spesielt lagt vekt på korpset sin vilje og evne til å samarbeide med andre kulturberarar i lokalområdet. Spesielt vert nemnt dei årlege markeringane av bygda sin bursdag, 11. november, dei årlege førjulskonsertane i Brattvåg kyrkje og ikkje minst korpset si satsing på unge songtalent.

Den varme applausen frå publikum i salen synte med all tydelegheit at dette var fortjent heider og ære.